

STAVANGER KOMMUNE
Postboks 8001
4068 STAVANGER

| | | |
|--------------|-----------------------|------------|
| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Dato: |
| | Sak/dok.: 06/04466-85 | 09.10.2024 |
| | Ark.: 326.12 | |

Vedtak i klagesak 2017/453–454 – Skipavik og Skår – Stavanger kommune (tidl. Hjelmeland)

Statens kartverk har i dag gjort nytt vedtak om skrivemåten av fylgjande stadnamn i Stavanger kommune (tidl. Hjelmeland):

- *Skår* (namnegard, fellesnamn for gard 307 og bruk 308/5 og 308/12)
- *Ytre Skår* (gard 307)
- *Ytre Skår* (bruk 307/1)
- *Skårasjøen* (bruk 307/3)
- *Indre Skår* (bruk 308/5)
- *Indre Skår* (bruk 308/12)
- *Skipavik* (vik i sjø)
- *Skipavik ferjestø* (hovudnamn) / *Skipavik ferjekai* (undernamn) (ferjekai)
- *Skipavikbekken* (bekk)

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Der det er både eit hovudnamn og eit undernamn, er det hovudnamnet som vil visast i kartet, og for ev. bruksnamn er det òg hovudnamnet som vil visast i matrikkelen. Slike namn er jamstilte i annan offentleg bruk.

Bakgrunn

Kartverket gjorde den 27.10.1994 vedtak om skrivemåtane *Skibaviga* og *Skor* i Hjelmeland kommune. Desse vedtaka vart påklaga av kommunen. Saka vart opphavleg teken opp for å få avklart og formalisert rett skrivemåte for offentleg bruk. Saksgangen stoppa opp før saka var ferdig handsama, og saka vart difor liggjande i mange år før Kartverket sette i gang saka att med høyringsbrev til kommunen dagsett 07.11.2017. Kommunen sende innkomne høyringssvar til Språkrådet den 16.02.2018, og Språkrådet gav tilråding i saka i eit brev dagsett 31.05.2024.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetja skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn. Det skal leggjast serleg vekt på ynsket til eigaren når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer, ligg innanfor regelverket.

Skrivemåten av slektsnamn skal ikkje påverka skrivemåten av stadnamn. Vedtak som gjeld skrivemåten av stadnamn, får heller ikkje fylgjer for skrivemåten av slektsnamn.

Skor/Skår

Uttale

I bokverket Norske Gaardnavne står /skå:r/ oppført som uttaleform for gardsnamnet på gard 7 i Hjelmeland (no gard 307 i Stavanger kommune). I heradsregisteret står òg /skå:r/ oppført som lokal uttale. I eit høyringssvar presiserer Jan og Jone Skaar at uttalen er «Skår» og ikkje «Skor». For bruk 308/5 og 308/12 opplyser dei at dei i daglegtale seier «Indreskår».

Skrifttradisjon

Namnegardsnamnet (307 + 308/5 og 12): *Skor* i gradteigkart frå 1945, 1955, 1960 og 1972, *Skor* i Norge 1:50 000 frå 1952, 1988 og 1993, *Skår* i Norge 1:50 000 frå 2003 og 2011.

Gard 307: *Skaar ytre* i 1886- og 1906-matrikkelen, *Skår ytre* i 1950-matrikkelen, *ytre Skår* i økonomisk kartverk frå 1977, *Ytre Skår* i bygdeboka Hjelmeland – gardar og folk 1 frå 1989. Bruksnamnet på bruk 307/1 er skrive på same måte som gardsnamnet i dei nemnde kjeldene, og *Skår ytre* er òg nytta som skrivemåte av bruksnamnet i gjeldande matrikkel.

Bruk 308/5 og 12: *Skaar indre* i 1886- og 1906-matrikkelen, *Indre Skår* i 1950-matrikkelen, *Indreskår* i gjeldande matrikkel, *Indre Skår* i bygdeboka Hjelmeland – gardar og folk 1 frå 1989.

Høyringssvar

Gudmund Aukland skriv at namnet som er brukt i daglegtale og som historisk sett har vore nytta, er *Skår*. Han skriv at namnet kjem av det er «obser» (upser) oppover halla der, og at desse vart kalla *skårane*.

Hjelmeland kommune bed om at stavemåten *Skår* vert fastsett. Dei skriv at det er i samsvar med ynskjet frå innbyggjarane på Ombo og med kommunen sitt standpunkt frå den opphavlege namnesaka i 1994. Dei legg til at det òg er i samsvar med etablert namnepraksis etter 1994.

Jan Skaar, grunneigar på bruk 307/1, skriv i eit høyringssvar saman med Jone Skaar at det ikkje er tvil om uttalen av gardsnamnet, som er *Skår*. Dei meiner at namnet på gard 307 i samsvar med det bør skrivast *Skår*, og viser til at *Skår* er nytta på skilt, kart og som vegnamn. I daglegtale nyttar dei ikkje «*Ytre Skår*» om bruk 307/1, men *Skår* om både garden og bygda. Når dei er på bruk 307/1, seier dei at dei er «*på Skår*». Dei meiner det finst eit *Ytre Skår* og *Indre Skår* reint geografisk, men dei brukar altso ikkje namnet *Ytre Skår*. Dei meiner at *Skår* (gard 307) og *Ytre Skår* (bruk 307/1) eigentleg er det same. Om det trengst ulike namneformer på dei to, meiner dei at bruk 307/1 heller kan kallast *Skaar*, slik skrivemåten var før i tida, t.d. som postnamn fram til 1917 og som i slektsnamnet. For bruk 307/3 meiner dei at *Skårasjøen* er den korrekte skrivemåten, og dei opplyser at namnet vert uttalt akkurat på same måten som det vert skrive. Om bruk 308/5 og 12 opplyser dei at dei seier *Indreskår* i daglegtalet. Der òg meiner dei at rett skrivemåte må innehalda *Skår* og ikkje *Skor*. Oppsummert går dei inn for *Skår* på gard 307, *Skår* eller *Skaar* på bruk 307/1, *Skårasjøen* på bruk 307/3 og *Indre-Skår* på bruk 8/5 og 8/12.

Gunstein Aukland skriv at han aldri har sett namneforma *Skor* i bruk. Brev til staden som han har etter bestefaren, er adresserte med «*Skår i Ryfylke*» etter poststadnamnet som vart nytta fram til 1973. Han peikar på at den kommunale vegen til staden òg er adressert med *Skår*.

Per Nærland skriv at dei alltid har skriva og sagt *Skår* i dei femti åra han har hatt tilknytning til Skår og Ombo. Han meiner at det ikkje held å visa til at *Skor* med *o* er ein gamal skrivemåte, for dei er ikkje vane med å uttala bokstaven *o* som *å*, og dei er heller ikkje serleg kjende med den praksisen. Han meiner at retningslinjene i dag for *å* og *o* er at ein nyttar *å* når lyden er lang og *o* når han er kort, slik at den lange *å*-lyden i dette namnet tilseier skrivemåten *Skår*.

Tilråding

Språkrådet skriv fylgjande:

«Med tanke på det som er skriva i dei innkomne høyringsfråsegnene om uttalen av dette namnet, vil me understreka at me reknar med at uttaleforma /skå:r/ er svært gammal. (Denne forma er blant anna registrert i bokverket *Norske Gaardnavne* (NG) frå 1915. [...]) Den aktuelle garden ligg på ei hylle i liene attmed Hjelmelandsfjorden, og det er tvillaust det sterke hokjønnsordet *skor* (/ skòr) nytta med tydinga ‘berghylle / hylle i landskapet’ som ligg til grunn for namnet. På Ombo, slik som elles i Rogaland, er denne nemninga brukt med uttaleforma /skå:r/. På linje med inkjekjønnsorda *kol* og *hol*, som då regionalt er uttala «kål» og «håll», vart ordet «skår» skriva med *o* i gammalnorsk. Her er hovudgrunnen til at desse orda har rettskrivingsformene *kol*, *hol* og *skor* (/ skòr) i dag. [...] Sidan det aktuelle hokjønnsordet har *skor* og *skòr* som rettskrivingsformer, er det rett å seia at det finst eit visst grunnlag for å tilrå at gardsnamnet blir skriva med *o*. Det er likevel verdt å merkja seg at det i den aktuelle grunnregelen for skrivemåten av stadnamn som finst i § 4 i lova, ikkje er avgrensing til dei rettskrivingsformene som gjeld til ei kvar tid; regelen seier at skrivemåten «skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp», og det er då tale om prinsipp som gir ei vidare ramme enn den som er knytt til dei ordformene som finst i dei rettskrivingsordlistene me har i dag. Hokjønnsordet *skor* heng saman med verbet *skjera*. Det same gjer det inkjekjønnsordet som i bokmål har rettskrivingsforma *skår*. Denne forma er i tråd med det prinsippet som går ut på å nytta ein talemålsnær (ortofon) skrivemåte og då ein skrivemåte som inneber bruk av tradisjonelle norske bokstavar.

Skrivemåten *Skår* må seiast å vera godt innarbeidd. [...] Omsynet til skrifttradisjonen vog tungt då *Sørskår* vart vedteken som offisiell gardsnamnform i nabokommunen Strand i 2005. På tilsvarende grunnlag er desse gardsnamnformene vedteke andre stader på Sørvestlandet: *Skåra* (i Eigersund kommune), *Skårland* (i Time kommune), *Matskår* (i Etne kommune), *Skår* (i Voss herad) og *Skårheim* (i Lærdal kommune). I Rogaland er skrivemåten med *o* vedteken i eitt tilfelle, konkret i ei gardsnamnsak i Lund kommune.

I den namnesaka me har føre oss no, er det verdt å merkja seg at alle som har uttala seg, går sterkt inn for skrivemåten med *å*.

I tredje avsnittet i § 1 i stadnamnforskrifta står det:

I saker der ein etter stadnamnlova § 4 andre ledd vurderer å velje ein skrivemåte som har vore lenge i bruk, skal det takast med i vurderinga

- a. om skrivemåten kan medverke til at meiningsinnhaldet i namnet ikkje kjem tydeleg fram*
- b. om skrivemåten kan endre den nedervde lokale uttalen av namnet*
- c. kor lang og dominerande tradisjon skrivemåten har på namneobjektet*
- d. kor stor semje det er om skrivemåten lokalt*
- e. om skrivemåten har tradisjon i det språket som namnesaka gjeld.*

Om skrivemåten *Skår* kan det seiast at han ikkje gir endra uttale av namnet, vidare at han har ein «lang og dominerande tradisjon» og at han har stor støtte i lokalmiljøet. (Jf. med punkta *b*, *c* og *d*.) Me vil elles tru at mange i lokalmiljøet assosierer namneforma *Skår* med det hokjønnsordet som er nytta med tydinga ‘berghylle / hylle i landskapet’ og som har forma «skår» i dialekten. Ordet er venteleg nytta ein del enno i daglegtalen blant dei som bur i området. Dette tykkjest gje grunnlag for å tenkja at skrivemåten *Skår* ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet. (Jf. med punkt *a* i det nemnde avsnittet i forskrifta.) (Hokjønnsordet blir gjerne nytta lite i skrift i dag, og det kan verka som at det er ein del personar som ikkje er klare over at ordet har skrivemåten *skor* som rettskrivingsform.)

Me finn det samla sett rettast å tilrå at *Skår* blir vedteken som offisiell skrivemåte av namnet på gnr. 307 i Stavanger kommune. Vidare tilrår me at forma *Skår* blir vedteken som namn på bruk 1 på gnr. 307. (Me syner til det som står i brevet frå Jan Skaar og Jone Skaar om den lokale namnebruken.) *Skårasjøen* bør fastsetjast som namn på bruk 3 på same garden. Namnet på bruka 5 og 12 på gnr. 308 bør skrivast *Indre-Skår*. (Det næraste alternativet vil vera å fastsetja *Indreskår* som offisiell bruksnamnform. Me tilrår prinsipalt skrivemåten med bindestrek fordi det er denne som gjer det mest tydeleg at bruksnamnet har utgangspunkt i namneforma *Skår*.) (Når det gjeld det å nytta ein skrivemåte utan mellomrom, kan ein jamføra med punkt 6 i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*. Der står det blant anna: «Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen.» Det er stadfest i brevet frå Jan Skaar og Jone Skaar at namnet er uttala med eitt hovudtrykk, det vil seia utan pausering.)

Vurdering

Skrivemåten *Skor* har ein betydeleg skrifttradisjon i kart, der skrivemåten med *o* vart nytta samanhangande i perioden frå 1945 og fram til 2003 i kartseriane gradteigskart og Norge 1:50 000. Men det ser ikkje ut til at denne skrivemåten har fått noko lokalt gjennomslag, slik at både gardsnamnet, bruksnamnet og det tidlegare poststadnamnet har vorte skrive *Skår* sidan 1917, då bokstaven *å* erstatta *aa* i norsk. Hokjønnsordet *skor* har skrivemåten *skor* med *o* som eineform i nynorsk, men i bokmål er felleskjønnforma *skår* med *å* eineform. Lokalt er ordet eit hokjønnsform, jf. fleirtalsforma «skårane», som Gudmund Aukland nemner, noko som gjer det mest naturleg å setja gardsnamnet i samband med nynorskforma *skor*. Det kunne isolert sett tilseia skrivemåten *Skor* med *o*. Men som Språkrådet er inne på, har *Skår* med *å* ein sterk skrifttradisjon, både lokalt og i offentleg bruk, og det er ein betydeleg normeringspraksis for *Skår/-skår* med *å* elles i stadnamn i Rogaland. I målføret i denne delen av landet er det ikkje skilnad på uttalen av moderne lang *å* av gamalnorsk lang *á* (t.d. *skál* av gno. *skál*), og uttalen av det som var kort *o* i gamalnorsk, men som har fått lang vokaluttale i dag (t.d. *brot* /brå:t/ av gno. *brot*, *skår/skor* av gno. *skor*). Det er soleis ikkje tunge språkfaglege argument mot *Skår* som skrivemåte i regionen. Når skrivemåten *skår* òg er i samsvar med rettskrivinga i bokmål, og det er eintydige ynskje om *Skår* med *å* lokalt, finn me grunnlag for å koma dei lokale ynskja i møte i denne saka.

Jan og Jone Skaar skriv at gardsnamnet *Skår* òg fungerer som bygdenamn lokalt, og det er rimeleg i og med at namnet («*Skår i Ryfylke*») var i bruk som poststadnamn for bygda fram til 1973. Namnet *Skår* i vid forstand dekkjer soleis ikkje berre 307/1, men òg resten av bygda. I meir snever forstand må namnegardsnamnet *Skår*, som vert handsama i denne saka, reknast å dekkja både gard 307 og bruk 308/5 og 308/12, jamvel om desse to sistnemnde bruka er matrikulerte under gard 308 Aukland. Det er soleis ikkje rett når dei skriv at *Skår* og *Ytre Skår* eigentleg er det same, for namnet *Skår* har eit vidare omfang enn det *Ytre Skår* har. Gardsnamnet *Ytre Skår* gjeld berre eigedomar med gardsnr. 307, og som bruksnamn gjeld det berre bruk 307/1. Retningsordet har vore nytta heilt eintydig om gard 307 og bruk 307/1 i offentlege dokument, og me finn ikkje grunnlag for å stryka retningsordet i namnet på desse einingane. Det ville gjera namnebruken mindre eintydig og differensiert om namnet her skulle endrast, og det ville bryta med ein eintydig skrifttradisjon, jf. § 1 fyrste ledd i lov om stadnamn, som fastset som eitt av føremåla med lova å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne. Namnet *Ytre Skår* om 307 på utsida (vestsida) av Auklandsbekken står i motsetnad til *Indre Skår* på innsida av bekken. Ut frå dei lokale uttaleopplysningane er *Ytre* meir vanleg å utelata i daglegtalet om 307/1, medan *Indre* lokalt er fast brukt munnleg i *Indre(-)Skår* om 308/5 og 308/12. Det er soleis ikkje naturleg med bindestrek i *Ytre Skår* på same måten som det ev. hadde vore i *Indre(-)Skår*. Men det er generelt lite normeringspraksis for bindestrek mellom retningsordet og kjernenamnet i bruksnamn i Noreg, sjølv om ein del av dei kan verta uttalte i eitt ord. *Ytre Skår* og *Indre Skår* bør ha lik skrivemåte, anten med eller utan bindestrek, og i tråd med det meste av skrifttradisjonen og vanleg normeringspraksis får desse namna ein skrivemåte utan bindestrek.

Skår vert fastsett som namnegardsnamn, dvs. som fellesnamn for gard 307 og bruk 308/5 og 12. *Ytre Skår* vert fastsett som namn på gard 307 og bruk 307/1 i samsvar med eintydig skrifttradisjon både i offentleg bruk og i bygdeboka. Namnet på bruk 307/3 får skrivemåten *Skårasjøen* i samsvar med primærnamnet og uttalen. Vedtaket er i samsvar med § 1 fyrste ledd og § 4 i lov om stadnamn.

Skibaviga/Skipavika/Skibavik/Skipavik

Uttale

I heradsregisteret står /sje:ˈbavi:dø/ oppført som uttale. I avisa Bygdaposten frå 10.01.1992 nyttar Magne Skaar namnet med skrivemåten *Skjebavigå*, som venteleg er ei relativt uttalenær namneform. Gudmund og Gunstein Aukland meiner at *Skipavik* vert brukt i daglegtalen. Då saka vart handsama fyrste gongen i 1994–1995, opplyste kommunen at somme uttalar namnet som Sjebavidjå, medan andre seier Sjibavig.

Skrifttradisjon

Skipavik i gradteigskart frå 1945, 1955, 1960 og 1972 og i Norge 1:50 000 frå 1952 og 1975, *Skipavika* i Norge 1:50 000 frå 1988 og 1993, *Skibaviga* i Norge 1:50 000 frå 2003 og 2011.

Høyringssvar

Gudmund Aukland skriv at bakgrunnen for namnet *Skipavik* er at det var utskipingsplass for tømmer frå gammalt av, og at *Skipavik* er det namnet som vert nytta i daglegtale.

Hjelmeland kommune bed om at stavemåten *Skipavik* vert fastsett. Dei skriv at det er i samsvar med ynskjet frå innbyggjarane på Ombo og med kommunen sitt standpunkt frå den opphavlege namnesaka i 1994. Dei legg til at skrivemåten *Skipavik* òg er i samsvar med etablert namnepraksis etter 1994.

Gunstein Aukland opplyser at han aldri har sett nokon skriva namnet som *Skibaviga* eller *Skipavika*, og han har heller ikkje høyrte namnet verta uttalt slik. Eit skilt ved ferjekaien har skrivemåten *Skibavik*, men elles er namnet skriva *Skipavik* i rutehefte. Han meiner at *Skipavik* vert brukt i daglegtalen, og at både ferjekaien, området og bekken må namngjevast *Skipavik*.

Tilråding

Språkrådet skriv fylgjande:

«Både dei gardane og den vika det er tale om i denne saka, ligg på søraustsida av øya Ombo. Slik me nemnde innleiingsvis, høyrde denne delen av Ombo opphavleg til Hjelmeland kommune. Resten av øya var ein del av tidlegare Finnøy kommune. I kommunereforma i 2020 vart Finnøy kommune og heile Ombo ein del av Stavanger kommune. Ombo kan seiast å utgjera den nordaustlegaste delen av storkommunen. I heile storkommunen er det nytta blaute konsonantar i det nedarva talemålet, og det er her då sagt til dømes «ett sjib» eller «sjeb», «ein båd» (eventuelt «enn båd») og «ei vig». Vinteren 2016–2017 vart det i Finnøy kommune gjennomført namnesak for 39 SSR-registrerte naturnamn som hadde ein hovudlekk av substantivet *vik*. I 29 av dei 39 einskildsakene vart skrivemåten *-vika* vedteken. [...] I resten av sakene vart den artikkellause forma *-vik* vedteken, og i desse sistnemnde sakene var det då tale om namn som har ubunden form i den lokale munnlege namnetradisjonen. Me ser her at skrivemåten med hard konsonant (*k*) vart vedteken konsekvent i alle dei 39 sakene. I tidlegare Finnøy kommune finst det òg to vedtekte bruksnamnformer som endar på *-vik*. [...]

Det namnet på Ombo som det er tale om i denne saka, gjeld sjølvstø primært ei *vik*. I denne vika er det no ei ferjestø som har fått namn etter vika. I SSR er namnet på ferjestø registrert med skrivemåten *Skipavik*. Ferjesambandet som er knytt til denne staden vart oppretta i 1991. [...] Det er skrivemåten *Skipavik* som er nytta heile vegen i dei aktuelle rutetabellane.

Med tanke på dei nemnde finnøysakene der skrivemåten *vik* vart vedteken konsekvent, må me tilrå at det namnet me har føre oss no, blir skriva med harde konsonantar, det vil her seia med *k* i etterlekken og *p* i førelekken.

I dei åra som har gått etter at det vart laga ei ferjestø på staden, har skrivemåten *Skipavik* (med harde konsonantar og ubunden form) vorte så kjend og innarbeidd at det verkar mest tilrådeleg la både ferjestønamnet og primærnamnet bli skriva *Skipavik* i offentleg samanheng. (Jamfør med det me har skriva ovom her om namneforma *Skår*.)

Eit avleidd namn på ein bekk som renn ut i vika, bør skrivast *Skipavikbekken*.

I tidlegare Finnøy kommune vart det for nokre år sidan gjennomført namnesak for to ferjestønamn, og det vart då vedteke, med støtte frå kommunen, at dei to namna skulle SSR-registrerast med nemninga *ferjestø* i staden for *ferjekai*. Dei to fastsette namneformene er *Nord-Hidle ferjestø* og *Halsnøy ferjestø*. I SSR er òg *Nesheim ferjestø* registrert som ei offisiell namneform i tidlegare Finnøy kommune. (Denne namneforma er førd opp som ei eineform i registeret.) I tråd med dette tilrår me òg at det ferjestønamnet me har føre oss i denne saka, får skrivemåten *Skipavik ferjestø* som vedteken form.»

Vurdering

Ut frå systemet i målføret i området og vanleg lydutvikling i regionen, er det grunn til å rekna med at det er /sje:ˈbavi:dø/ som er den nedervde, lokale uttalen av dette namnet. Namneformer som /sji:ˈbavi:g/ og liknande er nok meir påverka av skrift, men det er grunn til å rekna med at slike meir skriftnære former òg er vortne utbreidde lokalt dei seinare tiåra i og med at ferjekaien her er eit viktig samferdslepunkt for øya Ombo. Som Språkrådet peikar på, har ferjekai-namnet vore skrive *Skipavik* heilt sidan ferjekaien vart oppretta i 1991. I denne saka er det òg eit vesentleg moment at namnet i dei nasjonale kartseriane gradteigskart og Norge 1:50 000 vart nytta *Skipavik* som skrivemåte frå 1945 og fram til 1988. I amtskart, som var i bruk før den tid, vart *Skibvik* brukt som namneform, der òg med endinga *-vik* i ubunden form.

Då Kartverket gjorde vedtak om *Skibaviga* i 1994, var det nyleg kome sterkare føringar i regelverket om at lenisering eller blaute konsonantar (*b, d, g* for *p, t, k*) skulle reflekterast i normeringa av stadnamn. Dei reglane vart seinare liberaliserte att, slik at ein no står friare til å velja mellom rettskrivingsformer og leniserte former i normeringa av stadnamn, og i større grad kan leggja vekt på regional normeringspraksis og lokale ynskje. Som Språkrådet peikar på, er det ein normeringspraksis for *k* (hard konsonant) i *vig/vik* i tidlegare Finnøy kommune, som vestre del av Ombo tilhørde fram til 2020, og like eins er skrivemåten *vik* vanlegast i stadnamn i Hjelmeland. Når skriftradisjonen for *Skipavik* er so sterk som han er i dette tilfellet, og skrivemåten *Skipavik* er fullt ut akseptabel ut frå norske rettskrivingsprinsipp, verkar det difor rimeleg å leggja avgjerande vekt på dei sterke og eintydige lokale ynskja om *Skipavik* i denne saka.

Språkrådet peikar på ein lokal normeringspraksis for bruk av funksjonsordet *ferjestø* i staden for *ferjekai* i denne delen av Ryfylke, og tilrår difor at ferjekai-namnet får namneforma *Skipavik ferjestø*. Med tanke på at det òg finst ein *Skipavik ferjekai* i Gulen i Sogn, og at det kan vera ein viss forvekslingsfare mellom dei to likelydande ferjekaiane, vurderer me at det verkar tilrådeleg å fastsetja den namneforma Språkrådet føreslår som hovudnamn. Men sidan *Skipavik ferjekai* allereie er innarbeidd, både i Sentralt stadnamnregister (SSR) og elles, og ein difor kan rekna med at ein del framleis vil forventa forma *ferjekai* i namnet, vidarefører me den namneforma òg som undernamn.

Skipavik vert fastsett som namn på vika. *Skipavik ferjestø* (hovudnamn) og *Skipavik ferjekai* (undernamn) vert fastsette som skrivemåtar av ferjekai-namnet. *Skipavikbekken* vert fastsett som skrivemåte av det avleidd bekkjenamnet. Vedtaket er i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn.

Kommunen skal senda melding om vedtak som gjeld skrivemåten av bruksnamn direkte til eigarane av bruket.

Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetja ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i lova. Føresetnaden er at han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, i matrikkelen, skøyte e.l.). I so fall må eigaren senda krav om det til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon. Klageretten for namnet i andre funksjonar, t.d. gardsnamnet, fell då bort. Kartverket er formelt vedtaksorgan òg for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressetilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR vert oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten vert henta inn i matrikkelen derifrå.

Klage

Vedtak om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Dersom vedtaket vert påklaga, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd.

Med venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonssjef

Erlend Trones
stadnamnansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkar: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi SPRÅKRÅDET
HJELMELAND KOMMUNE
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATENS VEGVESEN

Vedlegg: Namneliste